



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 44/2020

Møtedato: 16.12.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Høyring på forskrift om jakt, fangst, fellings og fiske på statsallmenning.

Miljødirektoratet har sendt revisjon av forskrift om jakt, fangst, fellings og fiske på statsallmenning ut på høyring.

Norges fjellstypesamband (NFS) har utarbeidd eit høyringsutkast til denne. Dette blir no sendt til fjellstyra for kommentarar og innspel (høyring). Dette for å forenkla saksbehandlinga i fjellstyra. Vi ber fjellstyrar som har andre innspel eller kommentarar senda dette til NFS innan 1. februar 2021.

NFS skal behandle høyringa på styremøtet sitt 10. februar. NFS har høyringsfrist til Miljødirektoratet 15. februar. Uttalene frå fjellstyra vil leggast ved NFS sitt høyringssvar. NFS reknar med at dei fjellstyra som ikkje uttaler seg er samde i NFS sitt utkast.

Vi ber fjellstyra sjå nøye gjennom utkastet. Forskrifta har stor tyding for forvaltninga og inntektene i fjellstyra frå jakt og fiske. Vi meiner forskrifta no har mykje betre struktur og er lettare å finna fram i. Mange unødvendige formuleringar er fjerna. Det er likevel ein del paragrafar NFS ser kan endrast for at forskriftne skal vera betre tilpassa jakta og fiskeforvaltninga i fjellstyra

Norges fjellstypesamband har laga slikt utkast til svar på høyring om endring av forskrift om jakt, fangst, fellings og fiske på statsallmenning:

*Forskrift om jakt, fangst fellings og fiske på statsallmenning er nå sendt på høring. Miljødirektoratets høyringsfrist er 15. februar 2021. For å forenkle fjellstyrenes arbeid har NFS laget et utkast til høyringsinnsprill som vi herved sender fjellstyrene. Vi ber om fjellstyrenes innsprill på utkastet innen 1. feb 2021. NFS vil sammenfatte fjellstyrenes innsprill, gjøre nødvendige endringer og legge fjellstyrenes uttalelse ved NFS innsprill til Miljødirektoratet*

*Generelt har forskriften blitt mye bedre enn tidligere. Det er ryddet og fjernet mye unødvendige reguleringer og formuleringar. Den har blitt oversiktlig og grei og er enklere å finne fram i. Elg/hjortejakt er bedre integrert sammen med bestemmelser om annen jakt.*

*Forskriften gir et godt rammeverk rundt fjellstyrenes administrasjon av jakt og fiske. Innenfor rammene gis det fremdeles muligheter for lokale tilpasninger, for eksempel i forhold til hvordan jaktag på villrein skal organiseres og hvordan kort kan tildeles næringsliv og kobles mot fjellstyrehytter.*

### Vurdering:

Fjellstyret har ved førre behandling spelt inn eit ynskje om prismatrise, der det er eit fast forhold mellom dei ulike korttypane, med utgangspunkt i dagskort. Eks med faktor 3,5 for 7-dagars kort og faktor 7 for sesongkort. Dette er ikkje take med vidare frå fjellstypesambandet, så ein vel å ikkje vidareføre dette med bakgrunn i manglende interesse.

Jfr dialog med sambandet endres i utgangspunktet ikkje dagens regime når det gjeld tildeling av elgjakt, noko som er positivt.

Det er veldig bra at sambandet samanlikner praksis hjå Statskog med dei prisrammer som vert tildelt fjellstyra, då det tydeligvis er stor skilnad her. Ein støtter ei likebehandling av kortprisar med Statskog sine areal, dersom det er mogleg å få til.

Det er eit punkt som ikkje er take opp av sambandet, som heller ikkje er spelt inn tidlegare. Dette gjeld tidspunkt for endring av prisrammer. Slik som før, er det lagt opp til at vedtekne prisrammer gjeld til og med mars i sluttåret.

Fjellstyrene har vanligvis søknadsfrist for jakt kort i slutten av mars/1. april. Det siste året desse prisrammene gjeld, vil ikkje fjellstyret kunne ha ny pris tilgjengeleg under søknadsprosessen, i verste fall etter at jaktkort er tildelt (etter trekning i april). Det er uheldig, då det må kunne forventas at ein kan nytte ny prisramme for det året nye rammer gjeld for.

Same problem oppstår for sal av fiskekort: prisrammer gjeld ut mars, og mange startar isfiskesesongen før dette og kjøper eks årskort. Det er då ikkje mogleg å fastsetja riktig pris tidlig nok for dette året som prisrammer går. Ideelt sett burde prisrammer for fiskekort vere avklart i god tid før «fiskeåret» (som følgjer kalender-året.)

Ein ser problemet med at «fiskeåret» følgjer kalenderåret, medan «jaktåret» følger jaktsesongen som slutter 31. mars. Imidlertid burde det kunne gå an å revidere prisrammer såpass tidlig, slik at ein ivaretek både «fiskeår» og «jaktår» sjølv om dei har ulik avslutning. Er all prisavklaring ferdig i god tid før 1. januar, burde dette løyse desse utfordringane.

Dette er noko sambandet bør vurdere å ta med i si høyring.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret i Vestre Slidre støtter Norges Fjellstyre samband sine vurderinger knytt til høyring på forskrift om jakt, fangst, felling og fiske på statsallmenning, med følgjande tillegg:

1. Siste år for vedtekne prisrammer bør ha fastsett nye prisar i god tid før 1. januar, slik at sal av fiskekort samt utlysing av jaktkort kan skje med dei prisar som er fastsatt for den påfølgande sesongen.

**Vedtak:**

Fjellstyret i Vestre Slidre støtter Norges Fjellstyre samband sine vurderinger knytt til høyring på forskrift om jakt, fangst, felling og fiske på statsallmenning, med følgjande tillegg:

1. Siste år for vedtekne prisrammer bør ha fastsett nye prisar i god tid før 1. januar, slik at sal av fiskekort samt utlysing av jaktkort kan skje med dei prisar som er fastsatt for den påfølgande sesongen.

Vedtaket er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.12.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Norges fjellstyresamband  
Miljødirektoratet